

# **FORSKRIFT OM TILDELING AV LANGTIDSOPPHALD I INSTITUSJON ELLER TILSVARANDE BUSTAD SÆRLEG TILRETTELAGT FOR HEILDØGNS TENESTER I TYSNES KOMMUNE**

**Heimel:** Fastsett av Tysnes kommune ved kommunestyret [13.06.2017] med heimel i lov 24. juni 2011 nr. 30 om kommunale helse- og omsorgstjenester m.m. § 3-2 a andre ledd.

## **Kapittel 1 Føremål, lovgrunnlag, virkeområde og definisjonar**

### **§ 1-1 Føremål**

Forskrifta skal tydeleggjera kva kriterier kommunen legger til grunn ved tildeling av langtidsopphald i sjukeheim eller tilsvarande bustad særleg tilrettelagt for heildøgns tenester.

Forskrifta skal vidare tydeleggjera korleis kommunen skal følgje opp personar som står på venteliste til langtidsopphald i sjukeheim eller tilsvarande bustad særleg tilrettelagt for heildøgns tenester.

### **§ 1-2 Lovgrunnlag**

Rett til opphald i sjukeheim eller tilsvarande bustad særleg tilrettelagt for heildøgns tenester er regulert i lov om pasient- og brukerrettigheter § 2-1 e.

Kommunen sitt ansvar for å tilby opphald i sjukeheim eller tilsvarande bustad særleg tilrettelagt for heildøgns tenester er regulert i lov om kommunale helse- og omsorgstjenester § 3-2, 6 c og § 3-2 a.

### **§ 1-3 Virkeområde**

Forskrifta gjeld ved tildeling av dei institusjonsplassar og bustader som kommunen til ei kvar tid definerer til langtidsopphald i sjukeheim og tilsvarande bustad særleg tilrettelagt for heildøgns teneste.

### **§ 1-4 Definisjonar**

I forskrifta her meinast med:

- a) *Sjukeheim:* kommunal helseinstitusjon, regulert gjennom sjukeheimsforskrifta (forskrift 14. november 1988 nr 932 om sykehjem). Plass i sjukeheim er regulert til ulike føremål, t.d. rehabilitering, avlastning, ØH-døgnopphald og langtidsopphald.
- b) *Langtidsopphald i sjukeheim:* kombinert bu- og tenestetilbod for personar som på grunn av helsetilstand og funksjonsvanskar har eit omfattande og varig tenestebehov, opphaldet er ikkje avgrensa i tid.
- c) *Skjerma eining:* institusjonsplass særleg tilrettelagt for pasientar med betydeleg kognitiv svikt.
- d) *Tilsvarande bustad særskilt tilrettelagt for heildøgns tenester:* kommunalt disponerte bustader som er tilpassa for å kunna yte tenester som dekker brukaren sitt behov for behandling, omsorg og assistanse gjennom heile døgnet. Tilbodet er innretta mot brukarar med funksjonsnedsetting og stort tenestebehov, og er eit alternativ til langtidsopphald i sjukeheim. Tilsyn med pasientar eller brukarar skal tilsvare tilsyn som ville blitt gitt i sjukeheim, og det skal sikrast tilgang til tilsvarande kompetanse som i sjukeheim.

Brukaren skal, via velferdsteknologiske innretningar, tryggleiksalarm, snoralarm eller liknande, kunna få kontakt med og hjelp frå eigna personell, med tilsvarande responstid som i sjukeheim. Bustaden er å rekna som brukaren sin private heim. Den enkelte brukar får tildelt tenester etter individuell vurdering. Tildeling av tenester i heimen er enkelvedtak etter forvaltningslova.

Legetenester vert dekkja gjennom fastlegeordninga som for andre heimebuande.

- e) *Andre omsorgsbustader*: kommunalt disponerte bustader tilpassa ulike brukargrupper. Omfattar både samlokaliserte bustadar med fast tilknytt personell heile eller delar av døgnet, og bustadar som er del av den ordinære bustadmassen. Tildeling av omsorgsbustader som ikkje er definert som «tilsvarande» vert gjort etter kommunale retningsliner, og er ikkje omfatta av denne forskrifta.
- f) *Iplos*: lovbestemt helseregister med data som beskriv ressursar og hjelpebehov hos den som søker eller mottar kommunale helse og omsorgstenester.

## **Kapittel 2 Tildeling av langtidsopphald i sjukeheim eller tilsvarende bustad særleg tilrettelagt for heildøgns teneste.**

### **§ 2-1 Vurderingsgrunnlag**

Tildeling av langtidsopphald i sjukeheim eller tilsvarende bustad særleg tilrettelagt for heildøgns teneste, vert gjort ut frå ei heilskapleg vurdering av den enkelte søker.

Vurderingsgrunnlaget er basert på opplysningar frå pasient/brukar og pårørande, samt tverrfagleg utgreiing av helsetilstand og omsorgsbehov basert på uttale frå fastlege, heimetenesta og evt anna helsepersonell.

Saka skal vera tilstrekkeleg opplyst før ein fattar vedtak. Kommunen kan fatta vedtak om kartleggingsopphald i institusjon som ledd i utgreiinga.

*Følgjande moment vert kartlagt og vurdert:*

- a) Pasient/brukar sine ynskjer.
- b) Fysisk, psykisk og sosial funksjonsevne og hjelpebehov knytt til dette, IPLOS kartlegging inngår som del av denne kartlegginga.
- c) Medisinske forhold med omsyn til sjukdom/skade. Prognose med omsyn til utvikling av helsetilstand.
- d) Samtykkekompetanse.
- e) Rehabiliteringspotensiale.
- f) Butilhøve- med omsyn til type bustad, kor mange i husstanden, geografisk plassering, fysisk utforming og standard, behov og høve for tilpassing og tilrettelegging.
- g) Sosialt nettverk.
- h) Grad av pårørandebelastning.
- i) Noverande tenestetilbod, t.d. helse og omsorgstenester i heimen, grad av bistand frå nærstående, avlastning, bruk av velferdsteknologi og liknande.

### **§ 2-2 Kriterier for tildeling av langtidsopphold i sjukeheim og tilsvarande bustad særleg tilrettelagt for heildøgns tenester**

Kommunen har fastsett følgjande kriterier og vurderingsmoment:

- a) Pasient/brukar har, grunna helsetilstand og funksjonsvanskar, eit omfattande og varig behov for hjelp til oppfølging av helse, ernæring og eigenomsorg.

Kriteriet vert vurdert på bakgrunn av opplysningar frå kartlegginga. Følgjande moment vert vektlagt:

1. søkjar sin helsetilstand og prognose.
2. søkjar sin kognitive funksjon og evne til eigenomsorg.
3. søkjar si evne til å vurdere egne behov, tilkalle hjelp ved behov, ivareta eigen helsetilstand, ernæring og liknande.
4. kva type tenester søkjar treng; omfang, kor ofte og tid på døgnet.

- b) Andre aktuelle hjelpetiltak skal vere vurdert og/eller prøvd ut, og ikkje funne hensiktsmessige eller forsvarlege.

Følgjande skal vurderast:

1. alternative tenestetilbod som helse og omsorgstenester i heimen, rehabiliteringstiltak, sosiale tiltak som dagsenter, støttekontakt, avlastande tenester o.l.
2. fysisk tilrettelegging i heimen.
3. alternative butilbod.
4. bruk av velferdsteknologiske løysingar.

### **§ 2-3 Tilleggskriterier ved tildeling av plass i skjerma eining**

Pasient/brukar har utvikla betydeleg kognitiv svikt, og har behov for skjerming og/eller særskilde miljøtiltak.

### **§ 2-4 Rett til vedtak**

Tildeling av langtidsopphald i sjukeheim og tilsvarande bustad med heildøgns teneste er enkeltvedtak etter forvaltningslova, jfr lov om pasient og brukerrettigheter § 2-7.

Dersom opphald i sjukeheim eller tilsvarande bustad særleg tilrettelagt for heildøgns tenester etter ei helse- og omsorgsfagleg vurdering, er det einaste tilbodet som kan sikre pasienten eller brukaren nødvendige og forsvarlege helse- og omsorgstenester, vil vedkomande ha rett til slikt tilbod.

Pasient eller brukar som er vurdert til å vera best tent med slikt bu- og tenestetilbod, men som med forsvarleg hjelp kan bu heime eller i korttidsopphald inntil det er ledig plass, har og rett til vedtak, men kan setjast på venteliste for tildeling av plass.

### **§ 2-5 Venteliste**

Kommunen skal føra venteliste for å halda oversikt over pasientar og brukarar som har fått vedtak om at dei fyller kriterier for tildeling av langtidsopphald i sjukeheim eller ledig tilsvarande bustad tilrettelagt for heildøgns teneste.

Ved ledig plass vurderer ein alle på ventelista og den med størst behov får tildelt plass. Ved tilsvarande behov skal ein leggje vekt på ventetid frå vedtaksdato.

Pasient/brukar skal ha forsvarlege og behovsdekkande tenester i ventetida.

### **§ 2-6 Tildeling av langtidsopphald i sjukeheim**

Vedtak om langtidsopphald i sjukeheim omfattar både bu- og omsorgstilbod, og institusjonen skal til ei kvar tid sikre den enkelte brukar tilpassa og forsvarlege helse- og omsorgstenester.

Eigenbetaling for helse- og omsorgstenester i sjukeheim følg reglane i forskrift 16. desember 2011 nr. 1349 om egenandel for kommunale helse- og omsorgstjenester i institusjon.

### **§ 2-7 Tildeling av tilsvarande bustad**

Ved tildeling av tilsvarande bustad med heildøgnteneste skal pasient/brukar ha vedtak både på bustaden og på tenestene som skal ytast.

Tildelingsvedtaket gjev disposisjonsrett til bustaden. Med bakgrunn i tildelingsvedtaket vert det inngått husleigeavtale mellom kommunen og leigetakar. Husleige vert fastsett og regulert gjennom leigeavtalen.

Den enkelte brukar skal ha individuelt tenestevedtak på helse- og omsorgstenester og eventuelle andre servicetiltak i heimen.

Eigenbetaling for helse- og omsorgstenester følg reglane i forskrift 16. desember 2011 nr. 1349 om egenandel for kommunale helse- og omsorgstjenester. Andre servicetiltak følg kommunale satsar fastsett av kommunestyret.

## **Kapittel 3 Klage**

### **§ 3-1 Rett til å klaga på vedtaket**

Klagerett følgjer av lov om pasient og brukerrettigheter § 7-2. Fylkesmannen er klageinstans. Klagen skal sendast til kommunen.

## **Kapittel 4 Ikraftsetjing**

### **§ 4-1 Ikraftsetjing**

Denne forskrifta trer i kraft 1. juli 2017.

Forskrifta vert oppheva når nasjonal forskrift jfr lov om kommunale helse- og omsorgstjenester m.m. § 3-2 a tredje ledd er vedteke og sett i verk.